

## INNBYDING TIL HISTORIEDAG I FLORØ 2.NOV.2012

### Forsmak på fylkeshistoria og presentasjon av 1.bind av Flora-historia – er det nokon samanheng?

Den 2. november skal første bandet i Flora si historie presenterast, og Flora kommune og prosjektet Sogn og Fjordanes historie har gått saman om å laga eit historisk seminar i høve dagen.

Fram til lunsj vil tida bli nytta på fylkeshistoria. Ola Svein Stugu, hovudredaktør for verket, vil leggja fram nokre sentrale perspektiv for å forstå utviklinga i området og mellom anna spørja kva plass eit lokalsamfunn som Flora har i fylket. Harald Endre Tafjord og Anders Timberlid vil presentera to sentrale politiske hendingar, rikssamlinga og opprettinga av Nordre Bergenhus amt og spørja kva dei har hatt å seia for liv og lagnad i det området som i dag ber namnet Sogn og Fjordane.

Etter lunsj vil tida bli brukt til historia om Flora. Forfattaren av første bandet i historieverket, Gaute Losnegård, vil leggja fram nokre hovudlinjer i utviklinga fram til Florø vart by i 1860, og fortelja om kvifor amtet fekk ein by nettopp der og da det skjedde. Innlegget vil verta kommentert av Atle Døssland, som mellom anna er hovudansvarleg for det bandet som tek for seg denne perioden i Norges fiskeri- og kysthistorie, og Finn Borgen Før Sund, som er kjend for mange lokalhistoriske bøker i fylket.

#### *Program for historieseminar:*

- 10:00 Opning v. *Edvin Helgheim*, prosjektleiar for fylkesjubileet og for Flora Kommune sitt historieverk
- 10:15 *Ola Svein Stugu*, hovudredaktør for fylkeshistoria:  
Unntaksfylket? Tema og tilnærmingar i fylkeshistoria for Sogn og Fjordane
- 11.00 *Harald Endre Tafjord*, medforfattar av fylkeshistoria:  
Var Harald Hårfagre sogning? Sogn og Fjordane og rikssamlinga.
- 11.45 *Anders Timberlid*, medforfattar av fylkeshistoria:  
Kvifor kan Sogn og Fjordane feire 250-årsjubileum neste år?
- 12.30 Lunsj
- 13.30 *Gaute Losnegård*, forfattar av Flora-historia:  
Før byen kom. Flora fram til 1860.  
Førebudde kommentarar av historikarane *Atle Døssland* og *Finn Borgen Før Sund*.  
Spørsmål og dusksjon.
- 15.30 Avslutning. Overgang til bokpresentasjon  
PÅMELDING - SJÅ NESTE SIDE

*Florahistoria kjem!*

**16.00 "Før byen kom", 1.bind av Flora sitt historieverk, blir lansert  
Gaute Losnegård presenterer boka.  
Torkjel Djupedal, Selja forlag, og Edvin Helgheim, Flora kommune,  
om arbeidet med historia.  
Boka er til sals!  
Kaffi og kringle..  
OPE FOR ALLE. GRATIS**

Alt skjer på **Flora Samfunnshus**.

Påmelding til seminaret:

Flora kommune v. Edvin Helgheim  
[edvin.helgheim@flora.kommune.no](mailto:edvin.helgheim@flora.kommune.no)

**Innan 26.oktober.**

Seminaravgift (dekning av mat og drikke): Kr 250,00

Til Flora kommune kt. 3775 07 09002. Merka Prosjekt 76314. Eller ved frammøte.

I samarbeid med



Meir informasjon etter kvart på [www.sfj250.no](http://www.sfj250.no)